

Galleri Kunstparken

Ingunn Lien Gundersen, styreleiar

Org nummer: 995 226 537

E-post: risor.kunstpark@gmail.com

Agder Fylkeskommune v/ Ole Magnus Skisland

E-post: postmottak@agderfk.no

Søknad om driftsmidler til Galleri Kunstparken i Risør

Galleri Kunstparken (GKP) søker med dette om eit treårig tilskot på kr 400 000 pr år, i tre år, frå Agder Fylkeskommune. Slik at vi kan videreføre det gode arbeidet vi har starta på med tilskotet vi fekk innvilga for 2024 frå Agder fylkeskommune.

Dagleg leiar, Odd Fredrik Heiberg, tilsett i februar i år i ei 50 % stilling, har sett i gang eit langsiktig arbeid basert på fem hovudpunkt:

1. Betre formidlingstilbodet til born og ungdom

Barne- og ungdomsskulane i Risør ligg utanfor gangavstand. Eit klart fleirtal av elevane oppgir at dei sjeldan er i sentrum. Over halvparten oppgav at dei aldri hadde sett biletkunst. GKP har etablert ny kontakt for alle skulane i Risør. Dette krev søknader om offentlege og private midlar til formidlingsutvikling samt transport til og frå skulane. GKPs arbeid med dette har allereie resultert i fleire runder med kunstformidling i haust, og det er planlagd formidling i tre av utstillingane for 2025.

2. Utvikle eit kunstprogram betre tilpassa Risør-regionen og den nasjonale kunstscena

GKP har to visningsrom: Galleriet, eit 160 m² utstillingsrom med stor takhøgde, og Prosjektrummet, eit mindre og lågare lokale. Desse to lokala gir moglegheit for ein inkluderande utstillingspraksis, der kontrasterande eller utfyllande prosjekt kan stillast ut samstundes, og treffe ulike publikumsgrupper. Vi ønsker å utvikle kunstprogram som skapar relevante kunstprosjekt av høg kvalitet, og som samstundes rekrutterer nytt publikum. Vi vil balansere kunstprogramet med visning av både regionale og nasjonale kunstnarar. I tillegg vil vi knyte GKP opp mot lokale festivalar gjennom punktutstillingar. Utstillingane blir, så langt mogleg, følgd av publikumsarrangement som foredrag, kunstnarsamtalar o.l.

3. Marknadsføring

GKP har gode rutinar for lokal marknadsføring gjennom lokalpresse, Visit Risør, SoMe (Facebook og Instagram), plakatar og eigne nettsider. Vi ønsker å setje i gang med eit meir fokusert arbeid for å skaffe midlar til annonsering for å nå ut nasjonalt, særleg i samband med turistsesongen.

4. Utvikle faglege samarbeid med andre kunstinstitusjonar i regionen

Dagleg leiar har innleidd fem langsiktige samarbeid med regionale kunstinstitusjonar. Nokre av desse har allereie gitt resultat.

- GKP er i dialog med Kunsthall Grenland med mål om å utvikle eit langsiktig samarbeid om glasskunst. Eit konkret arbeids- og utstillingsprosjekt er venta i løpet av 2026-27.
- GKP er i dialog med Kunstsilo i Kristiansand om eit konkret samarbeid om eit publikumsprosjekt i samband med Erika Støckels utstilling "Stenkvinnen" i mai 2025.
- GKP har oppretta eit samarbeid med studiet Kunst og kommunikasjon på UiA for å lage formidlingsvideoar av utstillingar på GKP. Dette resulterte i ein 5-minuttars presentasjonsfilm som vart ein viktig del av sommarutstillinga "Transformasjonar" i 2024. Prosjektet blir videreført i 2025.
- GKP oppretta eit samarbeid med Kragerø Kunstskele i 2024, der GKP stilte ut tre avgangsstudentar i Prosjektrommet. Erfaringane er så gode at vi ønskjer å vidareutvikle dette til ein årleg tradisjon.
- GKP har oppretta eit samarbeid med Foreningen Finstemt, en lokal frivillig musikkarrangør, med det resultat at foreningen har flytta konsertprogrammet sitt til våre lokale. Allereie er det tre konsertar planlagt for 2024 og 2025.

5. Arbeide for å sikre økonomisk stabilitet

Hovudutfordringa for GKP er vår svake og usikre økonomi. GKP har ei målsetting om å få statlege tilskot. Ei føresetnad for å kome dit er at den lokale og regionale støtta er stabil. GKP arbeider aktivt mot lokale, regionale og nasjonale myndigheiter, og søker aktuelle kulturinstansar og private sponsorar.

Alle dei igangsette prosjekta og samarbeida er langsiktige og krev aktiv oppfølging.

På veg mot ein berekraftig institusjon?

Med eingongstilskotet på kr 400 000 innvilga for 2024, har vi starta på vegen mot å sikre ei berekraftig drift av både Galleriet og Kunstparken, og Odd Fredrik Heiberg vart tidlegare i år tilsett som prosjektleiar/dagleg leiar i ei 50 % stilling.

Prosjektleiaren sin stilling er knytt til tilskotet frå Agder Fylkeskommune som eit eittårig engasjement, og denne stillinga avsluttast i februar 2025. Dersom vi ikkje får avklart ei vidareføring av tilskotet allereie i haust, er vi redde for å miste prosjektleiaren vår, med den konsekvens at arbeidet som er utført i år, vil vere til inga nytte.

Det ligg eit stort potensial i å utvikle drifta av Galleri Kunstparken, både med tanke på auka innsats i kunstformidling til born og unge, samt andre publikumsretta aktivitetar. Vi er optimistiske med tanke på å få dette til, og har difor søkt støtte frå Kulturdirektoratet sin ordning «Arrangørstøtte Visuell Kunst» med søknadsfrist 03.09.24, der vi la til grunn eit vidare tilskot frå både fylket og Risør kommune. Lokalisert heilt aust i Agder, ser vi på oss sjølve som ein både viktig og samfunnsrelevant arena for kunstformidling, og vi håpar å kunne halde fram med den målretta satsinga vi har starta på, her i Kunst- og Kulturbyen Risør.

Risør kommune har lagt opp til ei vidareføring av driftstilskotet på kr 200 000 for 2025. Budsjetet blir endeleg vedteke medio desember.

Vi håpar at det arbeidet som så langt er utført, ikkje vil vere til inga nytte. Per no er det berre desse 200 000 som ligg «fast», og realistisk sett er det ikkje mogleg å drive vidare med dette tilskotet aleine.

Vi jobbar aktivt med å få tilskot frå fleire instansar, men det er eit krevjande og langsiktig arbeid for å sikre ein berekraftig institusjon i Galleri Kunstparken. Vi er likevel håpefulle om å lukkast.

Oppsummering:

Galleri Kunstparken legg opp til ein treårig plan med fokus på langsiktig utvikling av formidlingstilbodet, eit kunstprogram tilpassa lokale og nasjonale behov, samt utvikling av sterke samarbeid med andre kunstinstitusjonar. Med støtte på kr 400 000 pr år, i tre år, frå Agder Fylkeskommune, vil vi kunne videreføre dette arbeidet og sikre ein stabil og berekraftig drift som kjem både kunstnarfeltet og publikum til gode.

Vedlagt ligg det planlagde utstillingsprogrammet for 2025, som vi er både stolte av, og som vi gler oss til å kunne vise til eit breitt publikum. Framdriftsplan for 2025-2027, Årsmelding og årsrekneskap for 2023 ligg også som vedlegg.

Vi håpar på positivt svar.

Ingunn Lien Gundersen,
Styreleiar i Galleri Kunstparken Risør, 11.10. 24